

Arbeids- og inkluderingsdepartementet (AID)

Vår ref:  
25/00461-2

Saksbehandlar:  
Hilde Silkoset

Dato:  
23. juni 2025

## **Svar på høyring - Forslag til endringar i regelverket for sjukepengar og stønad ved barns sjukdom (folketrygdlova kapittel 8 og 9)**

Barneombodet viser til høyringsbrevet datert 30. mai 2025 om forslag til endringar i regelverket for sjukepengar og støtte ved barns sjukdom. Vi takkar for moglegheita til å komme med våre innspel.

### **Barneombodet støttar forslaga som departementet legg fram i høyringsnotatet.**

Familien er den viktigaste ramma rundt dei fleste barns liv, og det er i familien at grunnlaget for god helse og utvikling blir lagd. Foreldra er òg den største tryggleiken for dei fleste barn.

Barn er heilt avhengige av omsorgspersonane sine, og barn er ekstra sårbar når dei blir sjuke. Ved langvarig sjukdom blir heile familiesituasjonen påverka,<sup>1</sup> og foreldra blir ofte uunnverlege for barnet. Å få ha sine nære omsorgspersonar hos seg, kan bidra til redusert stress, auka trygglik og betre meistring for både barn og foreldre.<sup>2</sup>

Det kan vere vanskeleg, og av og til heilt umogleg for foreldre å kombinere nødvendig oppfølging av sjuke barn over tid med annan jobb. Utvida pleiepengar er avgjeraende for å sikre at foreldre kan gi omsorg og pleie til langtidssjuke barn, utan å måtte bekymre seg for økonomiske konsekvensar.

Barneombodet forstår forslaga til lovendring som eit initiativ til å tydeleggjere regelverket, og at hensikta er å legge ytterlegare til rette for at fleire familiar med langtidssjuke barn får moglegheit til å konsentrere seg om helsa og velværet til barnet. Det er vi glade for. Å pleie langtidssjuke barn kan likevel vere ein krevjande situasjon å stå i over tid, og foreldra kan få behov for avlasting for å kunne vere ei god støtte for barnet sitt. Moglegheit for avlasting kan ha mykje å seie for korleis familiar meistrar å leve i ein vanskeleglivssituasjon.

<sup>1</sup> Norsk sykepleierforbund (2021) Barnesykepleierens kompetanse, ansvar og oppgaver  
<https://www.nsf.no/fg/barnesykepleierforbundet-nsf/barnesykepleierenskompetanse-ansvar-og-oppgaver>

<sup>2</sup> Helsedirektoratet (2021): Evaluering og vurdering av avansert hjemmesykehust for barn  
<https://www.helsedirektoratet.no/rapporter/evaluering-og-vurdering-av-avansert-hjemmesykehust-for-barn/innledning/begrunnelse-for-hjemmesykehust-for-barn>

Vi ser det derfor som positivt at lovendringsforslaget legg til rette for å regulere talet på personar som kan dele 100% pleiepengar til å gjelde fem personar. For at det skal opplevast trygt og gi kontinuitet i omsorga for barnet, meiner vi at det bør vere dei same fem personane som over tid alternerer på pleie- og omsorgsoppgåvene.

#### Barns rettar

Etter vårt syn møter forslaga plikta styresmaktene har til å vareta barnets beste ved alle handlingar og avgjærder som vedkjem barn. Styresmaktene har også plikt til å setje i verk tiltak, inkludert lovgiving, for å oppfylle barns rettar etter Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen. Vi synest likevel det er vanskeleg å sjå korleis barnets beste er synleggjort og vekta.

I det vidare arbeidet med lovendringsforslaget oppmodar vi departementet til å synleggjere vurderingane, og vise korleis omsynet til barnets beste er vekta opp mot andre omsyn, som til dømes at foreldra får redusert høve til å vere i arbeid. Dette er eit viktig rettsleg utgangspunkt for forslaget. Det understrekar at omsynet til barnets beste må vege særleg tungt i arbeidet med og innføringa av lovendringane, då dei angår barn direkte og har mykje å seie for barn som gruppe.

Etter Barneombodets syn vil forslaga til endringar i folketrygdlova kapittel 8 og 9 bidra til å sikre at barn som er sjuke og pleietrengande over tid får innfridd retten til å vere saman med omsorgspersonane sine, jf. barnekonvensjonen. Forslaget møter òg barns rett til høgast oppnåelege helsestandard ved å gi vern mot forhold som påverkar helsa deira negativt, og barns rett til best mogleg utvikling.

#### Barns medverknad

Vi oppmodar departementet til å leggje til rette for at barn får høve til å medverke i det vidare arbeidet med lovendringa og når ho skal evaluerast. Det vil etter vårt syn bidra til å sikre at formålet med lovendringa fungerer, sett opp mot kva som vil vere til det beste for barn som gruppe.

Med venleg helsing

Mina Gerhardsen  
barneombod

Hilde Silkoset  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.

Karl Johans gate 7,  
0154 Oslo

Postboks 8889 Youngstorget,  
0028 Oslo